

Områdereguleringsplan for Bømoen-planid 2023003- plan til godkjenning

Prosess

- Administrasjonen har gjort endringar i tråd med vedtak i heradsstyret 13.6.24. Basert på dei endringane vart nytt planframlegg sendt ut på høyring.
- 34 høyringsinnspele som er vurderte med tanke på moglege endringar av planframlegget
- Gjennomført dialog med Statens vegvesen med tanke på motsegn
- Vurdert enkelte juridiske sider ved planen
- Vurdert og oppdatert planmaterialet
- Utarbeidd sak for politisk handsaming

Planen kjem opp for tredje gong

- Denne siste gongen er det Voss herad som legg fram planen. Tidlegare har det vore 3RW som har levert på vegne av tiltakshavar Bømoen AS.

Planprosessen kan skjematisk framstilla slik:

Periode	Tiltak
13.03.2014	Vedtak om oppstart av plan id 2008021, FPL sak 24/14
24.03.2014	Kunngjering – varsel om planoppstart
14.02.2014	Godkjenning av planprogram – FPL sak 85/14
2015 – 2017	Utredning / gjennomføring av konsekvensutredninger
28.09.2017	Politisk handsaming av <u>første planforslag</u> , plankart datert 30.8.17, føresegner datert 1.9.17 og planomtale datert 6.9.17. KST sak 51/17. Planforslaget vert lagt ut til offentlig ettersyn og høyring.
22.10.2020	Ny KPA for 2020-2032 vedtatt av HST
Januar 2021	Møte mellom Voss herad og Bømoen AS om videre planprosess
April 2021	Gjennomgang av kunnskapsgrunnlaget fra 2017 – notat fra 3RW om at planmaterialet fra 2017 kunne videreførest.
Mai/juni 2021	Samarbeidsmøte mellom Bømoen AS og Fallskjermklubben
Februar-oktober 2022	Ulike dialog- og avklaringsmøte mellom Voss herad, Fallskjermklubben og Bømoen AS.
Desember-mai 2023	Diverse møte mellom Voss herad og Bømoen AS v/ 3RW AS om revidert planforslag
08.06.2023	Politisk handsaming av <u>andre planforslag</u> datert 16.05.2023 - FPL sak 64/23. Planforslaget vert lagt ut til offentlig ettersyn og høyring med føringer for vidare planarbeid.
14.06-01.09.2024	418 innspele og motsegn fra Vestland fylkeskommune, Statsforvaltaren i Vestland og Statens vegvesen.
September 2023 – mai 2024	Møter og dialog om justering av planforslaget mellom Bømoen AS, Statsforvaltar, fylkeskommune, Statens vegvesen og Voss herad
06.06.2024	Politisk handsaming av <u>tredje planforslag</u> datert 15.05.2024 – FPL sak 33/24. FPL innstiller på at heradsstyret ber om mekling og at det reviderte planforslaget datert 15.05.2024 vart godkjent med endring av at NÆ1, LHA2 og råstoffutvinning (#3) vart teke ut av planen.
13.06.2024	Politisk behandling av tredje planforslag datert 15.05.2024 og FPL sitt vedtak i HST sak 34/24. HST treff vedtak om å be om mekling og at rådmannen skal vurdera om planen må på ny høyring, og får mynde til å leggja planen ut til offentlig ettersyn, etter innarbeiding av tilleggspunkt og endringar, jf. vedtakets punkt 4 og 5. I vedtakets punkt 3 godkjenner heradsstyret planen med dei endringar som nemnt i vedtakets punkt 4 og 5.
Juni 2024	Rådmannen v/ planavdelinga reviderer planforslag i samsvar med heradsstyret sine føringer i vedtak 34/24.
28.06 – 01.09.2024	Revidert planforslag datert 27.06.2024 vert lagt ut på offentlig ettersyn og høyring. Det kom inn 34 innspele, og eitt motsegn.
September-oktober 2024	Justering av planforslag, inkludert planomtale, og dialog med statleg og regional planmyndighet om motsegn.
Oktober 2024	Oppdatering av ROS analyse
18.10.2024	Motsegn fra Statens vegvesen trekt

Juridiske vurderingar

Ikkje opna for tiltak i planforslaget som er i strid med kommuneplanen sin arealDEL. I siste planforslag er derimot ikkje alt utbyggingsføremål avsett i kommuneplanen regulert til utbyggingsføremål. Det er opp til heradsstyret, som planmynde, å ta stilling til om ein reguleringsplan skal utnytte fullt ut det areal det er opna for i kommuneplanen eller ikkje.

Heradsstyret er heller ikkje bunden av tidlegare vedtak/avgjerder i plansaka, verken eigne vedtak eller utvalet sine vedtak

Planfaglege vurderingar

I si overordna planlegging er heradet opptatt av å ha tilstrekkeleg areal for ulike føremål og heradet ynskjer å vera budd på framtidig utvikling.

Rådmannen oppfattar det slik at heradsstyret i sitt vedtak i sak 34/24 var opptatt av å sjå utviklinga i Bømoen opp mot allereie avsett arealbruk og unytta næringsareal i kommunen i høve til reelt behov i dag og i framtida

Rådmannen meiner difor at heradsstyrets vurderingar om å redusera omfanget av næringsareal på Bømoen byggjer på eit godt planfagleg skjønn, særleg sett i høve til kommunen si samla reserve av næringsareal og dei viktige natur- og friluftsinteressene som finst på Bømoen.

Endringar etter ny høyring/offentleg ettersyn

Motsegn trekt - Endra rekkefølgjekrav til kryss på Palmafossen

Rekkefølgjekrav knytta til mjuke trafikantar er endra

Føresegn - automatisk freda kulturminne endra noko

Føresegn - støy endra noko

Føresegn - krav om at Bømoen leir skal vera open for allmenn ferdsle er tatt ut pga manglende heimel

Gjort mindre justeringar i planomtale – m.a. omtale av KBA7 endra for å sikra vidareføring av flyplassrelatert aktivitet som i dag


Krav kryssløysing Palmafossen


Rekkefølgjekrav 14.2.3

Før det kan bli gitt igangsettingstillatelse for nye tiltak etter områdereguleringsplanen eller detaljreguleringsplaner skal krysset mellom rv.13 og fv.5386 være utbedra eller sikra utbedra, og dimensjonert for den utbygginga områdeplanen legger til rette for, jf. pkt.3.2.7.

Mindre utbygging/tiltak knyttet til eksisterende virksomhet og allerede utbygde områder som ikke genererer mer trafikk er unntatt kravet, jf. Pkt.4.1.1.

Skjematisk illustrasjon av planforslaget før (øvste biletet) og etter HST vedtak 13.06.2024 (nedste biletet)





Oppsummert

- Områdereguleringsplan for Bømoen har vore ute til offentleg ettersyn for tredje gong. Fyrste gong i 2017, andre gong i 2023 og tredje gong sommar-haust 2024. Plansaka vert no lagt fram for sluttbehandling og eventuelt endelig godkjenning.
- Rådmannen sitt framlegg til vedtak:
I medhald av plan-og bygningslova § 12-12 godkjenner heradsstyret områdereguleringsplan for Bømoen, planid 2023003, slik det går fram av plankart, føresegner og planomtale sist revidert 18.10.2024.